

Til elevar på Vg3 Påbygging til generell studiekompetanse skuleåret 2026/27

Du har fått plass ved Førde vidaregåande skule, ved skulestad Mo. Vi ønskjer deg velkommen og vonar du vil få ei god og lærerik tid her ved skulen.

Oppmøte

Skulen tek til måndag 17. august. Klokkeslett og stad for oppmøte blir kunngjort på skulen si heimeside www.forde.vgs.no.

NB! Dersom du ikkje kan møte på skulen den første skuledagen, må du gje melding til skulen *før skulestart*, elles risikerer du å miste plassen.

Om vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Desse faga er obligatoriske: Norsk, historie, naturfag, matematikk og kroppsøving.

I tillegg må du ha eit 5-timars programfag frå studiespesialisering.

Dersom du har yrkeskompetanse etter 3-årig vidaregåande skule eller fag-/sveinebrev, treng du ikkje følge undervisninga i kroppsøving. Du treng heller ikkje velje eit av 5-timarsfaga.

Utfylling av skjema/kontraktar


Fyll ut skjema/kontraktar som du finn lenker til på Førde vgs si heimeside i saka: «Velkommen til skuleåret 2026-2027 ved Førde vidaregåande skule!» (forde.vgs.no). Send desse skjema/dokument til skulen så snart som mogleg.

Det må svarast på: Lånekontrakt – utlån læremiddel, samtykkeskjema publisering av bilete, samtykkeskjema deling av informasjon, og svarskjema val av framandspråk. I tillegg vil du finne informasjon om lån og stipend frå Lånekassen, skuleskyss, hybelinformasjon og kjøp av elev-PC.

Adressa til skulen er: Førde vidaregåande skule, Naustdalsvegen 12, 6800 FØRDE. Tlf.: 57637300. Svarbrev kan sendast til: post.forv@vlfk.no

Lærebøker og berbar PC

Alle elevar får gratis skulebøker. Bøkene vert delte ut ved skulestart. Du kan nytte eigen PC, eller kjøpe gjennom fylket si innkjøpsordning. Les meir om vilkår og sjå fristar for bestilling <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/elev/elevpc/>.



Stipend

Alle som ønskjer stipend og lån frå Lånekassen, må søkje på nett. Du kan søkje to stader:

- www.vigo.no – når du takkar ja til skuleplass på vigo.no, finn du søknaden om stipend og lån på vigo.no. Du bruker kodane til MinID for å logge deg inn på vigo.no.
- www.lanekassen.no - alle kan søkje på lanekassen.no. Du bruker kodane til MinID for å logge inn på søknaden.
- Viss du står på venteliste til eit høgare ønske, må du vente med å søkje.
- Alle har rett til eit utstyrsstipend på kr 1427,-.
- Hybelbuarar kan få bortebruarstipend dersom avstanden mellom skule og heim er minst 40 km, eller dersom reisetida tur/retur er over 3 timar. For meir informasjon: Sjå www.lanekassen.no

Hybel og skuleskyss

Skulen driv dessverre ikkje hybelformidling. Du må difor skaffe deg hybel sjølv dersom du treng det. Alle kan ikkje få hybel i sentrum. Det er heller ikkje nødvendig. Du kan reise gratis med skulerutene om du bur meir enn 6 km frå skulen. Bur du meir enn 6 km frå skulen har du rett på skuleskyss. Du kan søkje om skyss via Vigo, eller lese meir om [skuleskyss på heimesida til Forde.vgs.no](http://skuleskyss.på.heimesida.til.Forde.vgs.no)

Samarbeid med føresette

I løpet av skuleåret vil det bli halde foreldremøte. Informasjon om tidspunkt blir lagt ut på skulens heimeside: www.forde.vgs.no.

Velkommen til Førde vidaregåande skule!

Førde, juni 2026.

Mats Bryne
-rektor-